

Grappa Esther – med Camilla Myklebust frå Uskedalen – fekk berre terningkast tre då debut-cd-en deira vart anmeldt av Mari Myren i Bergens Tidende. Ho meiner at plata er for rotete

Myren noterer seg at dette er eit nytt Bergensband med ei litt spesiell forhistorie: Heile bandet starta som eit konseptprosjekt på Kunsthøgskolen for Sara og Camilla (vokal og gitar) og det må ha gjeve mersmak, for dei rekrutterte Endre og Jan-Arve på bass og trommar og utvikla vidare sin småjazzete visepop, skriv anmeldaren. Mari Myren skriv vidare at deler av plata har eit litt amatørmessig preg som 'kanskje, kanskje ikke er tilsiktet'. - Esther har uansett kommet opp med tolv ukompliserte poplåter, i hovudsak bygd opp rundt akustisk gitar og de to kvinnevoikalene. Innimellom hører man fele, surfgitar og klassisk korsang. De har tydeligvis lagt både tid og omsorg ned i uttrykk og detaljer her, men som helhet er det for rotete. 'Kill your darling', er det noe som heter. Esther bør drepe mer og gestikulere mindre, skriv Mari Myren.